

**Fra:** Arne Mangerøey <mangeroe@online.no>  
**Sendt:** torsdag 29. juni 2023 14:09  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** Post Alver byggesak  
**Emne:** Ferdigattest for tomannsbustad m.m. - gbnr 445/428 Manger nedre  
**Vedlegg:** Svar\_frå\_byggesaksvakta\_på\_spørsmål\_vedr.\_ferdigattester(993485).pdf

God ettermiddag.

Viser til epost mottatt fra byggesaksvakta den 28 juni 2023. (se under)

Ber om at ferdigattesten som ble sendt inn på gards og bruksnummer 445/428 i 2012, som er beskrevet i e-posten under blir handsama på nytt. Legg ved ein eldre e-post (vedlegg). Denne bekreftar at rekkefølge krav no er innfridd for Selfallet byggefelt, den var da sendt til en som er medlem av styret i Selfallet vel.

For ordens skyld gbnr 445/428 består av to seksjoner Selfallet 78A og 78B, der er eigar av 78B. Eg har hatt samtale med eigar av 78A Sindre Skjelanger og ber derfor om at begge adresser blir handsama samstundes

Mvh  
Arne Mangerøy  
92018082

Den Wed, 28 Jun 2023 14:38:40 +0000, Post Alver byggesak <[byggesak@alver.kommune.no](mailto:byggesak@alver.kommune.no)> skrev:

Hei Arne Mangerøy

Eg viser til førespurnad i byggesaksvakta i går.

### **Ferdigattest**

Vi ser av kommunen sitt arkiv at det vart søkt om ferdigattest for bustaden i 2012, men at det vart gitt mellombels bruksløyve då teknisk infrastruktur ikkje var ferdigstilt. Vi forstår at anlegget no er ferdig.

På bakgrunn dette vurderer vi at du kan be om ferdigattest for tiltaket, og leggja ved dokumentasjon på at VVA-anlegget er ferdigstilt. Det er ikkje nødvendig at ansvarleg søkjar sender ny søknad til kommunen.

Førespurnaden sender du til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

### **Utviding av veranda.**

Du kan føra opp eit tilbygg på inntil 15 m<sup>2</sup>, til eksisterande bustad utan søknad og løyve på gitte vilkår. Tiltaket må vera i samsvar med gjeldande plangrunnlag (byggegrensar, utnyttingsgrad m.m.) og lov og forskrifter.

Når tiltaket er ferdig må du senda ferdigmelding til kommunen.

Skjema for ferdigmelding finn du her: [Alver kommune - Ferdigstilling](#)

Eigedomen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen for Selfallet bustadfelt

Plankart finn du her: [Selfallet\\_reg.endring\\_byggjegrense \(nordhordlandskart.no\)](http://www.nordhordlandskart.no)

Føresegner finn du her: [reguleringsføresegner-5-Selfallet-180506.doc \(nordhordlandskart.no\)](http://www.nordhordlandskart.no)

*Vi gjer merksam på at denne førespurnaden er svart ut med den informasjonen kommunen haddde tilgjengeleg på svartidspunktet. Det er i svaret ikkje tatt stilling til sjølve tiltaket, men gjort ei generell rettleiing som ikkje er bindande for vidare sakshandsaming. Ynskjer du meir konkret informasjon og vurdering av tiltaket, kan du bestille førehandskonferanse her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/>*

*Om du ynskjer at nokon skal sjekke kvaliteten på søknaden eller hjelpe til å ferdigstille søknaden, må du kontakte fagfolk. Viss du synast heile søknadsprosessen er vanskeleg vil vi anbefale deg å kontakte eit ansvarleg føretak (byggmeister / arkitekt) som kan hjelpe deg med dette. Det vil spare deg for mykje tid og eventuelle problem i søknadsprosessen. Vi gjer merksam på at ved mangelfulle søknader vil det oppstå ekstra kostnader og lengre sakshandsamingstid.*

Vennleg helsing

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar byggesak

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE